

2 Barn og elevtalsutvikling – Kva seier tala til statistisk sentralbyrå?

2.1 Korleis er framskrivingane til SSB utarbeidde?

2.1.1 Framskrivingsmodellar

Framskrivingsmodellane til Statistisk sentralbyrå (SSB) er eit verktøy som blir brukt til å lage prognosar for framtidig folketalsutvikling. Modellen tek utgangspunkt i den eksisterande folkesetnaden og deler han inn etter kjønn og alder. Deretter blir det gjort føresetnader om korleis faktorar som fruktbarheit, dødelegheit, innanlands flytting, innvandring og utvandring vil utvikle seg framover.

Det er viktig å merke seg at framskrivingar alltid er usikre, spesielt på lengre sikt. Dei er basert på føresetnader som kan endre seg over tid. Difor tilrår SSB at brukarar av framskrivingane vurderer føresetnadene og justerer tala etter eigen kunnskap om lokale forhold.

2.1.2 Tre forskjellige modellar/scenario

SSB bruker tre hovudalternativ for befolkningsframskrivingar: hovudalternativet (MMMM), høg vekst (HHHH) og låg vekst (LLLL). Her er ei kort skildring av kvar av dei:

Hovudalternativet (MMMM):

Dette er det mest sannsynlege scenarioet og legg til grunn middels utvikling i fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring. I dette alternativet vil den høge befolkningsveksten vi har sett dei siste åra, gradvis avta, men det vil likevel vere ein klar befolkningsvekst i Noreg gjennom heile dette hundreåret.

Høg vekst (HHHH):


Dette alternativet legg til grunn høg utvikling i alle dei fire komponentane: fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring. Dette scenarioet føreser ein sterkare befolkningsvekst samanlikna med hovudalternativet, med fleire fødslar, lengre levealder og høgare innvandring.

Låg vekst (LLLL):

Dette alternativet legg til grunn låg utvikling i fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og innvandring. Dette scenarioet føreser ein svakare befolkningsvekst eller til og med nedgang i folketalet, med færre fødslar, kortare levealder og lågare innvandring.

2.2 Prognose for førskulebarn (barn mellom 1–5 år)

Nedanfor er SSB si framskriving av barn i førskulealder (barn mellom 1–5 år) i tre alternativ (høg vekst, låg vekst og hovudalternativ) for Ulstein kommune i for perioden 2024–2050.



2.2.1 SSB hovudalternativet

For å vurdere behov for barnehageplassar fram mot 2040 er det teke utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (blå linje). Hovudalternativet viser at barnetalet vil halde seg relativt stabilt, med ein liten nedgang over perioden. Den gjennomsnittlege folkemengda vil vere ca. 490 barn, og vi ser ein liten nedgang på 11 barn frå 2024 til 2050, som utgjer ein prosentvis nedgang på -2.24 %.

2.2.2 SSB Høg vekst


Kva om SSB sitt hovudalternativ er estimert for lågt? Vi har i tillegg vurdert behov for barnehageplassar fram mot 2040 med utgangspunkt i SSB sitt alternativ for høg nasjonal vekst (grøn linje). Høg vekst-alternativet viser at barnetalet vil stige vesentleg frå 2030 (527 barn) og fram til 2036 (614 barn) og deretter halde seg stabilt fram mot 2050 (mellan 617–609 barn). Samanlikna med barnetal for 2024 (492 barn) vil dette utgjer ein auke på 122 born i perioden 2024–2036 som vil utgjere ein prosentvis auke på 25 %.

2.2.3 SSB låg vekst

Kva om SSB sitt hovudalternativ er estimert for høgt? Vi har i tillegg vurdert behov for barnehageplassar fram mot 2040 med utgangspunkt i SSB sitt alternativ for låg nasjonal vekst (raud linje). Låg vekst-alternativet viser at barnetalet vil markant bli redusert frå 2025 (498 barn) og fram til 2030 (395 barn) og deretter ein stabil nedgang på 2-3 barn per år fram mot 2050 (321 barn). Samanlikna med barnetal for 2024 (492 barn) vil dette utgjere ein reduksjon på 171 born i perioden 2024–2050 som vil utgjere ei prosentvis reduksjon på -34,76 %.

2.3 Prognose for elevar på barnetrinnet (barn mellom 6–12 år)

Nedanfor er SSB si framskriving av elevar på barnetrinnet (barn mellom 6–12 år) i tre alternativ (høg vekst, låg vekst og hovudalternativ) for Ulstein kommune i for perioden 2024–2050.



2.3.1 SSB hovudalternativet

For å vurdere behov for skuleplassar fram mot 2050 er det teke utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (blå linje). Hovudalternativet viser at elevtalet i Barneskulane vil halde seg relativt stabilt, med ein liten nedgang til 2031 (733 elevar) men stig og endar på 744 elevar i 2050. Den gjennomsnittlege folkemengda vil vere ca. 743 elevar, og vi vil få ein nedgang på 20 elevar frå 2024 til 2050, som utgjer ein prosentvis nedgang på -2,62 %.

2.3.2 SSB Høg vekst

Kva om SSB sitt hovudalternativ er estimert for lågt? Vi har i tillegg vurdert behov for skuleplassar fram mot 2050 med utgangspunkt i SSB sitt alternativ for høg nasjonal vekst (grå linje). Høg vekst-alternativet viser at elevtalet vil stige vesentleg frå 2031 (758 elevar) og fram 2042 (920 elevar) og deretter låg vekst fram mot 2050 (931 elevar). Samanlikna med elevtal for 2024 (764 elevar) vil dette utgjer ein auke på 167 elevar i perioden 2024–2050 som vil utgjer ein prosentvis auke på 21,86 %.

2.3.3 SSB låg vekst

Kva om SSB sitt hovudalternativ er estimert for høgt? Vi har i tillegg vurdert behov for skuleplassar fram mot 2050 med utgangspunkt i SSB sitt alternativ for låg nasjonal vekst (raud linje). Låg vekst-alternativet viser at elevtalet vil markant bli redusert frå 2030 (735 elevar) og fram til 2040 (553 elevar) og deretter ein stabil nedgang på 5–2 barn per år fram mot 2050 (514 barn). Samanlikna med barnetal for 2024 (764 elevar) vil dette utgjer ein reduksjon på 250 born i perioden 2024–2050 som vil utgjer ein prosentvis reduksjon på -32,76 %.